

# Jappa skole

## FAU-møte 23. 11. 2020

Til stades: Åge Byklum (fungerande rektor), Gase Handeland (1. kl.), Andre Johansen (2. kl.), Tormod Ribe Frog (3. kl.), Jostein Aasen (4. kl.), Heidi Thygesen Fiskaa (vara 5. kl.), Tonje R. Jørgensen (5. kl.), Christina Bj. Bernsen (vara 6. kl.), Magnhild Selås (7. kl.) (referent).

Saker:

### 1. Kommunebudsjettet:

Åge Byklum forklarte forslaget til kommunebudsjett. Det er nedskjeringar i skulesektoren i kommunens budsjettforslag, men forslaga rammar ikkje Jappa spesielt hardt. Han foreslår at FAU skriv støtteskriv til dei andre skulane.

Vedtak: Sekretæren justerer utkast til støtteerklæring og sender til Åge Byklum.

### 2. Trafikksituasjonen

Det er litt for mykje blanda trafikk, elevar, foreldre, tilsette, skulebussar og søppelbilar rundt skulen. Det er vanskar både ved rundkjøringa, i Furulyveien, ved Fladefjell barnehage og i Levermyrveien. Vi diskuterte utfordringar og moglege løysingar.

Vedtak:

-Christina B. Berntsen tar opp tråden frå 2016 med kommunen ved Hans Stormo om mogleg parkering og fotgjengarfelt ved rundkjøringa.

-FAU foreslår at skulen oppfordrar til å sykle eller gå til skulen, sette større ungar av ved Eddiken, og prioritere at dei yngste elevane får kjøre nærast skulen.

-Gase spør FAU ved GUS om mogleg samarbeid om trafikksituasjonen i Levermyrveien.

### 3. Informasjon om nettbrett

FAU fekk sjå informasjonen om bruk av nettbrett ved Jappa.

Innspel til skulen:

-Går det an å skrive at nettbretta skal ligge på skulen i helgene, spesielt for første klasse?

-Nytt forslag til formulering av det første punktet: «Nettbrettet skal kun brukes til skolearbeid».

-Minecraft har 7-års rettleiande aldersgrense. Bør appen då vere på nettbretta til barn som ikkje har nådd aldersgrensa? Åge tar dette vidare.

-Under «lade hjemme»: Legg til eit punkt om at «nettbrettet skal ikke lades om natta».

-Vi oppfordrar Mari Normann om å lage informasjon på andre språk.

4. FAU-møta

Hovudrepresentantane stiller, vara har møterett, men ikkje møteplikt.

Møtereferata skal gå til både representantar og vararepresentantar.

5. Ønske frå elevrådet: innkjøp av 25 pølsepinnar.

Vedtak: FAU støtter det. Jostein undersøker pris.

6. Eventuelt: FAU må ta høgde for at 6. klasse må låne pengar til å kjøpe gåver til 17. mai-arrangementet.